

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



26.05.2022 13:19:20 AR491009091

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Prosjektnavn: Mongstadvegen 443

Adresse: Mongstadvegen 522, 5955 Lindås

Kommune: Alver

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
116	15	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: SYNNEVE MARIE LAUVÅS

Adresse: Mongstadvegen 507, 5955 Lindås

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
116	30	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Området det her gjeld, er LNF-område. I LNF-område er det ikkje tillate med sagbruk, etter det eg kan lese i forskriftene. På www.regjeringen.no finn eg ein brosjyre som heiter "Plan- og bygningsloven og Landbruk pluss". På side 4 står det der om "Stedbunden næring" og "Annen virksomhet tilknyttet garden", og på side 5 står det om "Kriterier som må være oppfylt for å inngå i LNF".

Etter det eg forstår av dette, vil sagbruk der ein annan enn gardseigaren driv med eige firma - som i dette tilfellet, ikkje kunna koma inn under unntaka som gir tillatelse til slik drift i LNF-område. At dette gjeld ei såkalla mobil sag, endrar ingenting, særleg fordi saga har stått fast på same plassen ei lang årrekke.

Viser også til planskildring vedtatt av Lindås kommunestyre 15.10.19: "Kommunen sin arealdel 2019-2031", Under pkt. 2.5.2, side 18, står det ingenting om at det er tillate med sagbruksnæring i LNF-område.

Eg har for lenge sidan klaga sagdrifta inn til kommunen, men har enno ikkje fått svar, og veit ikkje om noko har skjedd i den saka. Då det frå gunneigar på eit tidspunkt vart søkt kommunen om å setja opp tak over saga, vart søknaden etter kvart trekt, men likevel vart det sett opp tak over saga. Dette er kommunen også gjort merksam på, utan at eg har fått noko svar på det heller.

Eg vil på det sterkast motsetja meg at det blir bygd hus til saga på området. Det er uråd for meg å forstå korleis det er mogeleg å ta seg til rette slik det er gjort her i årevis, utan å ta omsyn til lovar og forskrifter, og utan at kommunen grip inn.

Det er svært mykje bråk frå saga både tidleg og seint, heilagdaggar og kvardagar, og det er ei stor plage for oss som naboar. Me vil snart flytta til huset i Mongstadvegen 507, og ønskjer ikkje alt bråket frå sagadrifta skal prega livet vårt heile tida, slik det gjer når me er der no.

For å gje eit utfyllande bilete, kan eg opplysa at vår næraste nabo sin brønn var fylt igjen, og deira vassleidning vart (utan at dei vart gjort merksame på det) kopla til vår brønn som ligg på området det her er snakk om. At brønnen er vår, vart tinglyst då den vart laga. Likevel har gruneigar kopla vassleidning til sitt driftbygg frå brønnen, i tillegg til at naboen vår er er kobla på.

Konklusjonen er at eg på det sterkaste motset meg oppføring av bygg til ulovleg sagdrift på eigedommen.

Med helsing
Synneve Lauvås

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse:

Telefonnummer:

SIGNERT AV

SYNNEVE MARIE LAUVÅS på vegne av LAUVÅS SYNNEVE
MARIE

26.05.2022

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.